

Distribusjon:

Nordfjorderådet
Sunnmøre Regionråd
Romsdal Regionråd
ORKidè
Kommunane i Nordfjord
Kommunane på Sunnmøre
Fylkeskommunen i Møre og Romsdal
Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane
Kommunaldepartementet

Workshop Regionreforma

Prosjektrapport



Nordfjorderådet og Sunnmøre Regionråd

Ørsta 7. september 2016

Erlend Krumsvik
Rådgjevar, Sunnmøre Regionråd IKS

Innholdsfortegnelse

Kort oppsummering.....	3
Arbeidsmetodikk	3
Prosessresultat	4
Styrke og svakheit med dagens fylkesinndeling.....	4
Muligheiter og Trugslar ved framtidig regionstruktur	5
Dei største utfordrinane knytt til å endre fylkesstrukturen i Norge	8
Vedlegg 1 - Styrke og svakheit med dagens fylkesstruktur.....	11
Vedlegg 2 – Muligheiter og Trugslar ved valgt scenarie	13

Kort oppsummering

Ordførarar og rådmenn i Nordfjordrådet og Sunnmøre regionråd var samla til felles workshop Regionreforma, på Hotell Ivar Aasen i Ørsta kommune onsdag 7. september 2016. Dette var fyrste gong i begge regionråda si historie at dei samhandlar på ein felles møteplass.

Begge regionråda hadde uavhengig av kvarandre gjort vedtak om å samsnakke med den andre part om Regionreforma. Sunnmøre Regionråd tok på seg arrangementsansvaret, og utarbeide eit arbeidsverktøy for samlinga.

Workshop Regionreforma er eit ønske om å kome til orde i ein viktig samfunnsprosess som angår endra struktur på fylkesnivå. Det kommunale forvaltningsnivået blir direkte omfatta av ei slik endring, og det blir oppfatta som viktig at ein kan kome med innspel til prosessen.

Prosjektrapporten viser klart at begge regionråda, og den akkumulerte oppfatninga til einskilde deltakarar, at Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal bør gå felles inn i ein framtidig ny regionstruktur i Noreg.

Arbeidsmetodikk

Workshop Regionreforma var lagt opp som gruppearbeid, der ein delte inn ordførarane i fire arbeidsgrupper, og rådmennene i tre. På denne måten kan ein samanstillе den øvste politiske og administrative haldninga til Regionreforma. Deltakarane frå Nordfjordrådet utgjorde mindretallet i samlinga, så desse vart satt til gruppeleiarar på kvar gruppe, med dobbelstemme i valg av scenariealternativ.

Arbeidsmetodikken var lagt opp som SWOT-analyse, der ein vurderer Styrkar og Svakheiter med dagens fylkesstruktur, og Muligheiter og Trugslar med eit gruppevalt framtidig scenario for Regionreforma.

Etter endt samling vart det sendt ut eit spørjeskjema der deltakarane kunne gi individuelle tilbakemeldingar, eller utdjupe personlege synspunkt.

Det var ingen av deltakarane på samlinga

SWOT-analyse	
Dagens fylkesstruktur	Valgfritt Scenario (30 års-perspektiv)
<ul style="list-style-type: none"> • Styrke 	<ul style="list-style-type: none"> • Muligheiter
<ul style="list-style-type: none"> • Svakheit 	<ul style="list-style-type: none"> • Truslar
<p>Valgfrie scenarier for arbeidsgruppene</p> <p><u>Scenario 1</u> Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir vidareført som i dag</p> <p><u>Scenario 2</u> Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke</p> <p><u>Scenario 3</u> Møre og Romsdal og Nordfjord blir eit nytt fylke</p> <p><u>Scenario 4</u> Sunnmøre og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke</p> <p><u>Scenario 5</u> Sunnmøre og Nordfjord blir eit nytt fylke.</p> <p><u>Scenario 6</u> Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.</p>	

som etterlyste andre scenariealternativer, og etter individuelle tilbakemeldingar i spørjeskjema som vart sendt ut til deltakarane etter gjennomført samling var det ein som la fram eit anna scenarie. Dette var Sunnmøre + Sogn og Fjordane + Hordaland. Dette er ein del av Scenario 6. Ein kan ut frå desse tilbakemeldingane slå fast at dei foreslåtte scenaria var relevante og dagsaktuelle for denne målgruppa.

Arbeidsmetodikken gruppa var delt inn i tre steg, lik arbeidsmetodikk for alle fire gruppearbeida. (1) Individuelle notat om moment som er aktuelle, (2) oppføring av individuelle moment på flipoverark, (3) gruppediskusjon, kollektive tilleggsoppføringer, og prioritering av dei tre mest aktuelle momenta som kom fram gjennom gruppearbeidet. På denne måten kom alle til orde, ein fekk samordne innspela, og gjort kollektive val i gruppa.

Prosessresultat

Styrke og svakheit med dagens fylkesinndeling

Denne oppsummeringa er basert på gruppenes skriftlege innspel, jfr. vedlegg 1, samt tankar som kom fram under gruppepresentasjonane på workshopen.

Tabellen nedanfor viser ei samanstilling og aggregert oppsummering av dei tre viktigaste punkta på styrke og svakheit ved dagens fylkesinndeling. Det er fleire moment som har kome fram gjennom gruppearbeidet, men dersom ein ser workshopen i ein heilskap er det desse haldningane som dei samla gruppene har sagt er viktigast.

Aggregert oppsummering av dei tre viktigaste punkta

Styrke	Svakheit
<ul style="list-style-type: none"> • Kjent forvaltningsstruktur • Felles vestlandskultur • God kunnskap og kjennskap til eige fylke • Etablerte og velfungerande nettverk • Fylka legg godt til rette for relevante næringsklynger 	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje konkurransedyktige om statlege arbeidsplassar • For små til å dra nytte av stordriftsfordelar. • Manglar eit sterkt regionsenter • Utfordringar knytt til infrastruktur • Skindemokrati som hindrar strategisk utvikling • Uhensiktsmessige fylkesgrenser • Manglande heilskap mellom statleg og regional organisering. • Ubalanse i demografisk samansetning

Det er naturleg at ein ser ein styrke i den organisering og struktur som er kjent, gjerne dersom dette blir sett opp mot ein endringsprosess der ein ikkje har endeleg løysing på korleis organisering vil legge til rette for god samhandling. I ein kjent organisasjon er nettverka godt etablerte, og på den måten gir kjennskap mellom ulike forvaltningsaktørar eit velfungerande nettverk. Ein veit korleis ting blir gjort, og ein veit også korleis ting ikkje fungerer like godt – men alle partar har lært seg kompensierende tiltak i ein kvardagsforvaltning. Endring skiftar det kjente inn i skuggane, og ein må

lære seg nye personar og nye arbeidsmåtar. Over tid vil også dette bli til kjente og godt velfungerande nettverk.

Ein faktor som oftast blir tatt lite omsyn til, og som oftast produserer negativ effekt i endringsprosessar, er kjennskap og forståing av kultur. Språk, felles minner, samhandling over tid og emosjonelle faktorar spelar inn på det ein ser som felles. Dersom ein blandar grupper med ulike identitet, er det lett å produsere oppfatningar om «dei» og «oss», om ikkje prosessane får nok tid og fokus til å bygge ny identitet. Kommunereforma har basis i bu- og arbeidsmarknadsregionar då ein ser dette som eit naturleg utgangspunkt for samanslåing. Det vil ikkje skape forundring dersom Regionreforma har felles kultur som tilsvarande førande faktor.

Når ein bevegar seg innanfor kjent kultur og felles identitet er det lett å skape ein fellestankegang, og det «usagte» fungerer til felles beste. Arbeidsgruppene har satt dette på dagsorden, og det kom klart fram at begge regionråda ser seg sjølv innanfor ein «Vestlandskultur». Det som indirekte var sterktast sagt i denne diskusjonen var at Trøndelag ikkje vart diskutert. Særleg Sunnmøringen har vore tydeleg over generasjonar at ein er ein del av Vestlandet, gjerne spissare formulert til Nordvestlandet. Sjølv om nokre statlege føretak har organisert denne regionen inn under Midt-Norge, er dette fortsatt kunstig.

God kjennskap til eige fylke, og god tilrettelegging for næringsklynger, heng godt saman. Det ein føler eit ansvar for, vil eit forvaltningsnivå naturleg legge til rette for. Fylka gjer ein god jobb på dette i dag, og det er viktig å fremje dei positive sidene ved dagens organisering.

Det vart påpeika i workshopen at dagens fylkesgrenser står fram som kunstige, då samfunnet har utvikla seg over tid gjennom betra infrastruktur og større mobilitet. **Sidan det i dag ligg til det regionale nivå å ha rolla som ein regional utviklingsaktør, bør denne oppgåva utøvast i ein geografi som dekker dei naturlege områda slik samfunnet elles ser det.**

Regionreforma legg opp til fortsatt tre forvaltningsnivå i Noreg, og det står helt klart at dei oppgåvene som i dag ligg til regional nivå står fram som eit «skinndemokrati» i den større samanhengen. Statlege oppgåver må derfor regionaliserast slik at fylkesaktørane kan spele ei aktuell rolle i samfunnsutviklinga. Slik som dagens fylkesinndeling er lagt opp blir dette oppfatta som for lite robust til å ta over fleire oppgåver, og det er for lite potensiale på effektivisering. Regional forvaltning på ligge til hensiktsmessige regionar, der både regional inndeling og statleg inndeling er i samsvar med kvarandre.

Muligheter og Trugslar ved framtidig regionstruktur

Denne oppsummeringa er basert på gruppenes skriftlege innspel, jfr. vedlegg 2, samt tankar som kom fram under gruppepresentasjonane på workshopen.

Gruppene kunne velge mellom dei seks sceneria som var fremma som forslag til workshopen. Gruppene gav tilbakemelding om at det vart ein diskusjon om val av scenario, men etter ein gjennomgang av prosessen viste det seg at valet sto mellom berre to av desse. Gruppene gjorde slike val:

Gruppeval av scenario

Ordførargruppene

Scenario 2

Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke **(tre grupper)**

Scenario 6

Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. **(ei gruppe)**


Rådmannsgruppene

Scenario 6

Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. **(alle gruppene)**

Det var ei omforeint haldning i begge regionråda at Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal bør gå saman, eller saman vidare, i Regionreforma. Begge fylka blir oppfatta som for små til å stå åleine, dersom regionstrukturen endrar seg og naboregionane blir større og sterkare.

Innstillinga frå gruppene vart utfordra i ettertid, for å avdekke kva for scenario som den individuelle deltakar var opptatt av. Som det går fram av figuren nedanfor, er det 25% som meiner at scenario 2 – Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke. 37,5% meiner at scenario 6 – Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland er det beste alternativet. Samla er det 62,5% som meiner at Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane naturleg hører saman i ein framtidig regionstruktur. 12,5% gav uttrykk for at fylka bør gå vidare som i dag, medan dei øvrige 25% hadde tankar om andre scenario.



Desse tilbakemeldingane frå dei to regionråda er i tråd med haldninga i Sogn og Fjordane, at det fylket ønsker å gå vidare i regionreforma som eit samla fylke. Derimot står dette i kontrast til haldninga i Møre og Romsdal, der ein ønsker å gå inn i framtida som eit uendra fylke.

I forhold til ønska framtidsscenario var det tydeleg at ein større region står seg sterkare som regional aktør i ein nasjonal samanheng. Regiongrensene kan bli flytta og betre tilpassa den naturlege utviklinga som har blitt skapt over tid. Grensa mellom Nordfjord i sør og Sunnmøre i Nord blir oppfatta som kunstig i dag, særleg etter at Kvivsvegen har blitt opna. Vidare vil også Rovdefjordkryssinga kunne ha ei tilsvarende effekt med å sy saman desse to regionane om ein løftar blikket litt inn i framtida. Arbeidskraftmobiliteten har endra seg i takt med forbetra infrastruktur, og i dag kan ein jobbe i eit fylke og være busett i eit anna. Denne utviklinga ser ein i grenseområda i dag, sjølv om statistikken per i dag er beskjeden.

Vestlandsorienteringa er klart framme gruppediskusjonane, og ein ser i retning mot Bergen og ikkje mot Trondheim. Dette har utgangspunkt i ein kulturell faktor, og dei næringsklyngene som er etablert langs kysten. For deltakarane i desse to regionråda var det unaturleg å sjå mot Trøndelagregionen.

Ønsket om statlege arbeidsplassar er framme i diskusjonen om ein større region, og er i tråd med dei statlege ambisjonane om å restrukturere statlege verksemdar til nye regionar. Det blir etterlyst eit sterkare regionsenter enn dei som er etablerte i dag, og eit som gjerne står som motvekt til Bergen og Trondheim. Ålesund blir framheva som eit alternativ, men ikkje utan at ein ser til polysentriske løysingar eller andre desentraliserte strukturar som kjem ein heil ny region til gode.

Tabellane nedanfor er ei oppsummering av dei innspela som gruppene har kome fram til i gruppearbeidet.

Aggregert oppsummering av dei tre viktigaste punkta

Scenario 2: Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke

Muligheter	Trugslar
<ul style="list-style-type: none"> • Ulogiske grenser blir oppheva og ein kan samle eit folk med felles vestlandskultur. • Utvikle Ålesund som eit sterkt regional senter, som eit alternativ mellom Bergen og Ålesund, samstundes som polysentriske løysingar blir utvikla i den nye regionen. • Representere ein robust nok region til å aksle nytt ansvar og desentralisering av statlege arbeidsplassar og delegasjon av nasjonalt ansvar til regionalt mynde. • Meir robust fagmiljø, og rom for å samordne nødvendig infrastruktur i eit felles område. 	<ul style="list-style-type: none"> • Framleis ein liten region målt i folketal, og samstundes dyr å drive grunna dei topografiske forholda og utfordringar knytt til infrastruktur. • Ein er redd for omkampar på spesialisthelsetenesta, særleg med tanke på lokalisering av sjukehus. • Lenger avstandar blir oppfatta som utfordrande med tanke på nettverk og systemkontakt. • Mulig redusert politisk engasjement, og dårlegare representasjon på Stortinget.

Aggregert oppsummering av dei tre viktigaste punkta

Scenario 6: Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland

<i>Muligheiter</i>	<i>Trugslar</i>
<ul style="list-style-type: none"> • Kan realisere eit kraftsenter i vest, som styrkar næringar knytt til kyst og havrom, utdanning, politikk og relevante samfunnsoppgåver. • En stor nok region til å kunne ta over statlege arbeidsplassar som i dag er lokalisert i Oslo. • Kan få til heilheitstenking i utbygging av infrastruktur lang vestlandskysten. • Kan utvikle ein eigen «Vestlandskultur» 	<ul style="list-style-type: none"> • Lange avstandar og lang reisetid er ei stor utfordring. • Sentraliseringa kan flytte seg frå Oslo til Bergen, utan at dette gir effekt mot resten av regionen. • Lang distanse mellom lokalpolitisk påverknad på regional politikk. • Nye fogderi og mulig utvikling av nye subregionar, interne stridigheiter med utgangspunkt i topografiske forhold.

Lange distansar er ei utfordring i vurderingane av framtidig regioninndeling, og det er knytt utfordringar til den topografien som ligg til kystområda. Fjordar og fjell krev store samfunnsinvesteringar, og grenseendringar vil samle større krav og føringar for statleg prioritering av relevant infrastruktur. I høve scenario 6 vil det kunne bli opp 8-9 timar reisetid i bil frå nordlege utkantar til evt. Bergen som regionsenter. Dette er forhold som vil virke inn på framtidige prioriteringar av statlege infrastrukturinvesteringar. Reisetid på kysten vil stå i konkurranse til reisemengde på Østlandet.

Frå eit overordna perspektiv er det likevel eit ynskjer om endring sett frå perspektivet til kommunal forvaltning. Å vere del av ein større, sterkare og felles kulturell region er uttrykt positivt. Det er også knytt klare forventningar til at denne regionen får tildelt meir ansvar, og omfattande delegert mynde. Kva og korleis er ikkje omhandla, men at meir og nærare politisk ansvar er tydeleg.

Dei største utfordrinane knytt til å endre fylkesstrukturen i Norge

Tilbakemeldingane i dette kapittelet er basert på individuelle tilbakemeldingar frå deltakarane, og ikkje eit resultat av gruppeprosessane. Argumenta som kom fram under dette tema er lista opp slik det er gitt frå deltakarane:

1. Gamalt tankegods. Endringsvilje og-kompetanse. Vilje til å "nullstille" og å finne felles gode løysingar. Senterproblematikk.
2. Vekst i byråkratiet- større avstand - endå mindre legitimitet blant innbyggjarane
3. "Manglande lokalkunnskap blant administrasjon og folkevalde.
4. Fogderistrid"
5. Lokal motstand mot all endring. Også ei utfordring at folk flest er svært lite opptatt av det regionale nivået. For forvaltninga vil det være utfordrande i lang tid og skulle endre på etablerte samarbeidsmønster. Mange nye strukturer skal etablerast og nye nettverk byggast.
6. Sikre at det vert ei oppgåvefordeling og ei utforming som gjer at region vert eit slagkraftig alternativ til Oslo.

7. Oppgåvefordeling
8. Fare for at M og R sprekk hvis vi går saman med Nordfjord.
9. Å få gjennomslag i det lokale politiske miljøet
10. Etablerte nettverk mellom politikk, næringsliv og andre organ kjem i spel. Erkjenning av at Ålesund er den sentrale byregionen og flytting av Fylkesmann embete mm dit, blir også ei utfordring.
11. "At vi er fastgrodd i dei noverande grensene
12. Større regionar krev også større oppgåver og at oppgåver blir overført frå fylkeskommunane til kommunane
13. Kampen mot sentralisering - spesielt direktoratmakta - kan bli eit stort mageplask
14. Noverande regjering vil egentleg ikkje ha regionar - derfor lite energi og ideologi bak arbeidet"
15. Avstand
16. Sentralisering av funksjoner
17. Ubalanse mellom fylka
18. Ett næringsapparat som ikkje gir grunnlag for vekst
19. Fogderistriden kan ta seg opp mellom fylka
20. Befolkningsutviklinga. Felles overordna strategi"
21. Bli enig internt i fylket.
22. Unngå splitting av fogderia
23. Ved nye grenser, kva med Helse Midt, Vegvesenet Midt, fleire andre samarbeidspunkt
24. Nordmøre
25. Kulturforskjellar
26. Mangel på forståing for behovet for endringar
27. Utydeleg frå Regjeringa på kva oppgåver som kan desentraliserast frå stat til nye regionar.
28. Det blir store ulikskapar mellom folkerike regionar og ditriktsregionar.
29. Ved ein stor vestlandsregion vert det langt til utkantane.
30. Dersom ikkje Møre og Romsdal med Nordfjord vert eige fylke bør vi tilhøyre Vestlandet ned til Hordaland. Då må Ålesund få ein delregionstatus som motvekt til Bergen. Det kan verte bra for Sunnmøre."
31. Låste posisjonar i Møre og Romsdal fylkesting. På nasjonalt nivå trur eg det er mindre motstand mot regionaliseringa.
32. Kompetanse er samla i dagens "fylkeshovedstader", og utgjør viktig kompetanse. Det er ikkje berre enkelt å flytte desse oppgåvene til andre nye sentere. Det er heller ikkje ynskjeleg at dette vert samla i ein av dei to store byane Bergen og Trondheim.
33. Møre og Romsdal fylkeskommune
34. Hindre sentralisering og oppretthalde ein desentral tenestestruktur. Utvikle innsikt og kunnskap hos sentraliserte kompetansemiljø om fortrinna heile regionen har
35. At etablerte strukturar blir utfordra.
36. Å skape felles identitet og samhald i heile den nye regionen, inkludert ytterkantane.
37. Demokrati: Vil distrikta/dei minst folkerike områda få like stor innverknad? Eller vil t.d. Bergen styre mykje åleine?
38. Intern sentralisering"
39. Manglande statleg vilje/evne til å overføre makt/mynde
40. Stor og mangslungen underskog (mange og små kommunar slik biletet ser ut i dag)

41. Etablerte revir og tenkesett blir utfordra
42. Organisering av ny region
43. At staten avgir så mykje makt at større fylke/regionar har noko for seg
44. Å verte einige om kva dei nye grensene skal gå, alle har eit ønske om å vere midtpunktet i ein ny region. Ingen ønskjer å vere utkant.
45. Tillit, avstandar, vilje

Totalt 15 av kommentarane overfor tek til orde for manglande **endringsvilje** til å få regionreforma gjennomført. Den pre definerte haldninga til Møre og Romsdal fylkeskommune blir nemnt, men argumenta trekk seg vidare ut over denne aktøren åleine. Etablerte nettverk og kjende strukturar blir endra. Dette er i sum gamalt tankegods som har utfordringar knytt til vilje og forståing for endring. Slike haldningar vil som regel ha utfordringar med å finne tilstrekkeleg vekt på argument som legg føringar for strukturendring.

Dei to neste fellesargumenta tek til orde for omfattande **omstillingskostnader** knytt til prosessen, og den tredje tek til orde for usikkerheit knytt til **statleg delegeringsvilje**. Endring av kultur og arbeidsmåte tek tid å etablere seg, og det kan i nokre samanhengar være skjøre prosessar som kan feile. Dårlig handtering av prosessar vil som regel materialisere seg i fogderi som står mot kvarande i den regionale politikken. Bygging av felles kultur tek tid, og skaping av ulike subkulturar er enkelt. Det er likevel lettare å gjennomføre kulturbygging innanfor ei felles overbygning slik som den omtale «Vestlandskulturen».

Usikkerheit knytt til statleg delegeringsvilje har sitt utspring i at det innleiingsvis før Regionreforma vart tatt til orde for å ha berre to forvaltningsnivå. Er det då knytt tilstrekkeleg statleg vilje og engasjement til å delegere statlege oppgåver til regionalt nivå, og vil det være tilstrekkeleg endringsvilje i statlege selskap til å tilpasse seg dei nye regionane. Dette er usikre moment på dette tidspunkt i prosessen.

Vedlegg 1 - Styrke og svakheit med dagens fylkesstruktur

Direkte avskrift frå gruppearbeidet.

Ordførargruppe 1	
Styrke	Svakheit
<p>Eksisterande struktur er kjent</p> <p>Avstander i dag er ok</p> <p>3. Gode på skule/utdanning (SF)</p> <p>1. Etablert og organisert – lett å tilføre ressursar & utvikling (nettverk/plan).</p> <p>Regionale avgrensningar gir høve til å bygge nettverk.</p> <p>Nettverk mellom pol./næring (andre institt) godt utvikla/samkjørt</p> <p>Felles utfordring for framtidsutvikling</p> <p>Etablert planverk for mange område/år</p> <p>2. Sterke byregionar (MR)</p>	<p>1. Fogderistrid – manglar ein bål plass</p> <p>2. Oss er så få her – manglar nasjonal slagkraft</p> <p>- nabolaget er ein sterk Trøndelagregion</p> <p>- Svak økonomisk vekst</p> <p>- Kvinneunderskot</p> <p>- Fråflytting</p> <p>- Mangel på endringsvilje</p> <p>- Oslomakta veks</p> <p>3. Manglar innan kommunikasjon (veg/info)</p> <p>- Bliir tømmt for oppgåver og innhald – Splittelsek.rreform Kommuner som vil til Trøndelag og andre til S&F.</p> <p>- Så lite å gjere at man må finne oppgåver for å vere relevant</p>

Ordførargruppe 2	
Styrke	Svakheit
<p>1. Satsing på maritime klynge</p> <p>Nærheit, felles identitet</p> <p>2. Lokal kjennskap/lokal demokrati</p> <p>Etablert struktur</p> <p>3. Kjente strukturar/oversiktlig geografisk eining</p> <p>Fylka er grunnlaget for rep. Av distrikta til Stortinget.</p> <p>Alle delar av fylket er i dag rep.</p> <p>Kommunikasjonar i fylket i dag er godt samordna.</p> <p>Betre oversikt over små einingar</p> <p>Ikkje for store avstandar</p> <p>Sterke fagmiljø</p>	<p>1. Ikkje store nok til å ta på seg nye oppgåve, vanskelig å utnytte stordriftsfordelar, vanskeleg å samle seg mot eit felles mål</p> <p>2. Fylkesgrensene splittar naturlege bu og arbeidsmarknads område</p> <p>3. "Folk flest" har ikke eigarskap til Fylkestinget, ikkje samsvar mellom fylkesgrenser og staten sin inndelingar HF SV, Lik samarbeid/duynamikk på tvers av fylkesgrensene.</p>

Ordførargruppe 3	
Styrke	Svakheit
<p>1 Funksjonell struktur</p> <p>- Skule, institusjonar (arbeidsplassar), utdanning, helse</p> <p>2 Transparent og demokratisk</p> <p>- Passeleg storleik, kjennskap til alle deler av fylket, oversiktlig, kort veg til å påverke</p> <p>3 Identitet/ Vi er vestlendinger /Språk og kultur</p> <p>- felles identitet, historisk rotfesta, stoltheit, kulturbinge,</p>	<p>1 Manglande nasjonal slagkraft, stå i lag om å kjempe</p> <p>- Fogderistrid</p> <p>- Manglande samordning av fylkesgrenser</p> <p>- Manglande vekst på kysten SF</p> <p>- Tradisjon for å konservere</p> <p>2 Tape attraktivitet, tape i nasjonal sentraliseringsstrend – arbeidsplassar osv.</p> <p>- Demografi: ungdom, kvinner</p> <p>- Store avstander</p>

Ordførargruppe 4	
Styrke	Svakheit
1. Kultur/felles historie 2. Nærhet/oversiktighet 3. Innovative næringsklynger/miljø Natur (opplevelse/næring) Klar regionsinndeling Komp. bygging	1. Fogderi 2. Helhetstenkning, statlege og offentlege sine grense 3. Ubalanse: befolkning og geografi (topografi), økonomi, ulik forvaltningspraksis Manglande kompetanse (sårbare miljø) Næringsapp (Innovasjon)

Rådmannsgruppe 1	
Styrke	Svakheit
Kunnskap om fylket Tydeleg stemme utad (MR) Pol.repr. på Stortinget Sikre reg. Kompetansemiljø 1. Nærleik mellom folvaltningsnivå 3. Felles identitet (SF) Oversikteleg geografi/nærleik 2. Desentralisert tenestetilbod/komp.miljø God samhandling (SF) Innovativ næringskultur/dynamisk	1. Svak/ ikkje samlande pol. Påverknad - Manglande samsvar mellom oppgåve/forventa og økonomiske rammevilkår 2. Ubalanse i folketal mellom fylka - Undervurdert som utv.arena av overordna mynde (direktorat makt) 3. FK – skinndemokrati, fylkesgrense hindrar for statlege/reg. Teneste

Rådmannsgruppe 2	
Styrke	Svakheit
1 Innarbeidd struktur/god samhandling Godt fungerende Etablert 2 Næringsstruktur/eksport Samhandling plan/strategi Identitetsbærar (SF) 3 Lokalkunnskap	1. Befolkningsutvikling: tap av tilbud og tap av attraktivitet Manglande def. Regionscenter med vekstkraft. Grenser samsvarar ikkje med nye kommunikasjonsårer. Sunnmøre sin posisjon i MR samsvarar ikkje med tyngdepunktet. 2. Fogderi/fogderistrid (MR litt meir): Hemmer god og strategisk utvikling, mangler definert regionscenter med tiltrekkingskraft 3. Infrastruktur, for få statlege arbeidsplassar, mangler felles overordna strategi

Rådmannsgruppe 3	
Styrke	Svakheit
1. Kunnskap og kjennskap om eget fylke: Helseregion 2. Etablert kommunalt nettverk: Kultur Nettverk m/FK og FM – nærheit Kompetansearb.plassar i regionen Motpol til Bergen og Tr.h. 3. Får til mykje, spesielt innan næringsklyngene	1. Fylket er for lite for å derfor taper vi kampen om statlege arb.pl. Ungdom kjem ikkje tilbake etter endt utd. – vond sirkel. 2. For "bastant grense mot Nordfjord": Fylkesgrensa hindrar valfridom knytt til skule og helse. Grensa "hindrar" interkommunalt samarbeid over fylkesgrensa. 3. Fogderistrid, for få oppg. Til FK?

Vedlegg 2 – Muligheter og Trugslar ved valgt scenarie

Direkte avskrift frå gruppearbeidet.

Ordførargruppe 1	
Scenario 2: Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke	
Muligheter	Trugslar
<ol style="list-style-type: none"> 1. Sameina kraft, utviklingsretta sakene (samferdsel og næring osv) 2. Muskla til å få flytta statlege arb.pl. til vårt fylke. Breiare fagmiljø. Styrke regional planlegging td samferdsle/turisme og styrking innan fiskeri og havbruk. 3. "Bålpanna kjem heim". Ålesund blir naturleg nok bykjerna. Meir saft i å samle oss med ein felles folke-kultur. Gode utdanningsinstitusjonar med framtidens grøne/blå næringsliv (marin/maritimt). Og vi får bygge noko nytt – saman! 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Lang distrikt som kan bidra til utkantar som kanskje vil gi fleire fogderi? Man endra fungerande strukturar, avlære – lære på nytt. 2. Avstand til forvaltning. Avskaling i politisk deltaking? Lang tid på å bli einige om nye strukturar → lammande. 3. Dyrare drift, infrastruktur? Må vi kjøpe spesialisthelsetilbod? Ny helse og sjukehuskamp? Overdigitalisering? Får vi alle med?

Ordførargruppe 2	
Scenario 2: Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke	
Muligheter	Trugslar
<ol style="list-style-type: none"> 1. Større i areal og folketall, kulturlikheit, felles identitet. 2. Danne ein region mellom Trondheim og Bergen. 3. Fleire byar, kan motverke sentralisering. Vi har same utfordringar på mange område. Det vil vere muligheter som å utvikle felles kommunikasjonsløysingar som vil skape ein større arbeidsmarknad. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ingenmannsland i mellom. Manglande oppslutning i delar av fylket. Ikkje store nok til at statlege oppgåver vert flytta. Det er i dag ikkje ein naturleg aksle for samhandling 2. Manglar maktsentral, den bryt opp eksisterande strukturar. 3. Store avstandar, dårleg infrastruktur.

Ordførargruppe 3	
Scenario 2: Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane blir eit nytt fylke	
Muligheter	Trugslar
<p>Større gjennomslagskraft. Felles identitet som vi kan bygge på.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Bygge en sterk byregion rundt Ålesund, samtidig som vi satsar på polysentrisk samarbeid og distribuerte løysingar – Urbant og ruralt. 2. Bli kvitt ulogiske grenser og tette skott. Samordna infrastruktur 3. Nasjonal attraktivitet – brandbuilde ANALEIS-FYLKET. Utvikle vårt eige konk.fortrinn i kampen mot storbyane! 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Manglande oppg. → MÅ få tilført nye. 2. Avskaling i nord og sør? 3. Framleis "små" i folketal? Kan fogderistriden bli forsterka? Eller så kan det danne nye konsellasjonar. Det kan også bli eit "dyrt fylke" i forhold til geografi, fjordar og avstandar – dette krev teknologi og kommunikasjonar.

Ordførargruppe 4	
Scenario 6: Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.	
Muligheter	Trugslar
<ol style="list-style-type: none"> 1. Kraftsenter "Vest" innan politikk, utdanning, havrom, næring og reiseliv. 2. Helhetstenking innan samferd., utdanning/skule og stat/off. Etat. 3. Kompetanse innan det å beholde den vi har og rekruttere. Det vil vere økt vekst i ein felles fylkesstruktur kor vi kan rekruttere kvinnene tilbake. "Vestlandskultur". 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Sentralisering "Internt": Politisk makt, rekruttering. Tenester, ikkje Oslo -> Bergen. 2. Avstand (oversiktligheit). Både i administrasjon/politisk og den lokale kunnskapen. 3. Kultur – er vi virkelig så like? Det kan komme politisk splitting, internt og regionen. Topografi, samme fokus som næringslivet.

Rådmannsgruppe 1	
Scenario 6: Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.	
Muligheter	Trugslar
<ol style="list-style-type: none"> 1. Desentralisere statlige oppgaver, en form for motmakt i det som skjer i dag, politisk påvirkning. Styrke internasjonale relasjonar. 2. Kjøttvekt/pol.påverknad, næringslivs synargiar og vidareutvikle felles kultur. 3. Komplementert samfunn, styrke forskingsmiljø og styrke komparative fortrinn. 	<ul style="list-style-type: none"> • Distanse mellom politikk og grasrot. • Sentralisering • Maktkamp stat/region/vilje til flytting av makt • Lågare valdeltaking, lågare engasjement • Større avstand, mindre dynamikk • Nye fogderi/subregionar

Rådmannsgruppe 2	
Scenario 6: Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.	
Muligheter	Trugslar
<ol style="list-style-type: none"> 1. Stor region i nasjonal sammanheng. Samordna strategisk utvikling. 2. Potensiale å utvikle kyst og havrom, vi kan bygge desentraliserte næringsstrukturar. Vi kan utvikle reiseliv, store og viktige. Vi har relativt lik kultur/identitet og derav utvikle felles infrastruktur. 3. Sterk/Slagkraftig næringsstruktur. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Intern sentralisering mot Bergen. Får ikkje tatt ut potensiale i omorganisering. Uoversiktlig/vanskelig å samordne. 2. Svekke demokrati i distriktet, forbli en utkant i ein større region. Auka byråkrati. 3. Får ikkje desentralisert statsm. Store avstandar.

Rådmannsgruppe 3	
Scenario 6: Vestlandsregionen, med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland.	
Muligheter	Trugslar
<ol style="list-style-type: none"> 1. Større tyngde/slagkraft. Statlege arbeidsplassar ut av Oslo 2. Tegne "nytt kart" i høve offentlege kompetansmiljø i den nye regionen. Nye føringar/muligheter i høve kommunestruktur 3. Næringsutvikling – klynger. Gjere kvarandre gode og stå saman. Det blir større mangfald og vi blir mindre sårbare. Utvikling i lengre perspektiv. Avslutning av "konserveringsfasen" som gir energi til handling og utvikling. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ulike virkelighetsoppfatning med kultur og praksis. Møre og Romsdal utkant i ein stor vestlandsregion. 2. Sentralisering til Bergen, fjernstyring frå Bergen. Møre og Romsdal vert splitta i Romsdalsfjorden. 3. Kan gå utover lokaldemokratiet og distriktpolitikk. Vil kanskje gi mindre politisk engasjement.